

## Referat frå styremøte 19.08.25

**Til stades:** Ingrid Haugstad Håland, Ann Karin Hammer, Rita Aase Austvoll, Astrid Skretting, Anne Kristine L. Andersen, Anne Margrethe Myhre (Zoom), Magnhild Hobberstad Aanestad og Åse-Berit Fidjeland

**Meldt forfall:** Valborg Roalkvam Sandal

**Møtte ikkje:** Anna Laurentse Søyland og Malin Regine Fotland Øglænd

**Sak 01/2025 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
OK

**Sak 02/2025 Gjennomgang av godkjent referat frå arbeidsmøte**  
OK

**Sak 04/2025 Økonomioversikt**  
Orientering om økonomien pdd.

**Sak 13/2025 Arbeidsplan og årshjul 2025-2026**

**a) Årsmøtekurs - kurs i begge distrikt før årsmøta i oktober**

1. og 4. september - 13 påmelde på Varhaug og to (2) i nordfylket. Me sender ut ei påminning, og Åse-Berit kan leggja det som arrangement på heimesida.

**b) Lokallagssamling 8. november på Kronen gård, Sandnes**

**Kafedialog** om styrearbeid med "kurs" etterpå - før og etter lønsj, for tilbake-Meldingar og erfaringar er at alle lærte noko og fekk fortelja til andre

**Hugs** evalueringsskjema i mappa!

**c) Årsmøterettleiar til lokallaga** - under arbeid - sjå elles under Eventuelt b)

**d) Årsmøte 14.-15. mars 2026 på Nesflaten**

Årsmøte laurdag og søndag føremiddag med årsmøtefest laurdag kveld. Arrangørlaga sjekkar båt- og busstider, og det må med i innkallinga. Skal ein inn fredag, kjem ein med hurtigbåten frå Tau til Sand kl. 17.00 og buss vidare til Nesflaten til 19.45. "Ringebuss" søndag kl 13.33/16.13. Ein må køyra om ein vil koma på laurdag! Årsmøtet vert sjølvstannert annonsert seinare, og dette er bare ei lita orientering. Detaljar kjem, men sett av helga 14. og 15. mars 2026!

**e) Aktuelle markeringar som lokallaga gjer det dei vil ut av:**

Fårikålen sin festdag siste torsdag i september

16. oktober: Verdas matvaredag

Bygdekvinneveka - verving. Etter 20.august får du hausten gratis om du betaler kontingenten for 2026. For støttemedlem og ordinære medlem over 40 år, er prisen 811,- kroner i året. For medlem under 40 er kontingenten 406,- kroner i året. Pass på at du betalar direkte på "Min side" eller nyttar KID-nr!

Eit argument er t.d. at melder du deg inn nå, får du vera med gratis på julemøtet, Agri-kortet må reklamerast for, for der er det mykje å spara! Elles tenkjer ein ikkje på kor mange arrangement ein er med på, og ein bør vera tydeleg at noko er berre for medlemmar. Melder du deg inn, får du òg informasjon om kva som skjer!

**Sak 03/2025 Referatsaker/ev. oppfølging av lokallaga:**

**Ingrid** - AU-møte

**Ann Karin** - har planlagt årsmøtekurs, hatt kontakt med Suldal BK og AU-møte

**Åse-Berit** - AU-møte

**Anne Kristine** - har vore på skjermmøte med NBU; tydeleg ungdomstema på dette møtet, strukturerte og flinke, kan læra noko av dette. Idemyldring rundt landsstemnet og årsmøtet, sleit med rekruttering til nokre av styra, hadde ynskja seg meir påmelding til Strand. Korleis få folk engasjerte og som medlemmer?

**Valborg** - Ann Karin las opp e-post

**Anne Margrethe** - har hatt aktivitet i Sand BK heile sommaren, frivillig- sentralane i Rogaland (omlag 30) var på besøk i kjøkkenhagen, tur til Jonsstølen

**Rogaland bondelag** v/Magnhild Hobberstad Aanestad - Bondelaget skal ha styremøte i morgon

**Eventuelt: a) Evaluering av kursa om valnemndsarbeid (munnleg)**

- i sørfylket var ein svært nøgde med kurset
- i nordfylket syntest ein det var feil dag med fredag rett før sommarferien, men elles bra
- greitt med få deltakarar. lettare å stilla spørsmål og snakka ilag.

**b) Kurs om gjennomføring av årsmøte**

Evalueringa vert munnleg heilt på slutten av kurset

Årsmeldinga - bør vera eit minste felles multiplum; der nokon vil ha med mykje og andre enklast mogleg, men det er kjekt med nokre bilete. Hugs tal på deltakarar! Innkalling fire (4) veker før, og innkalling med saker/dokument to (2) veker før.

**c) Mat i skolen**

Medlemsmøte i veke 39 med ønske om besøk frå bygdekvinnelaget der ein m.a. tar opp skulehage . RBK har sagt ja til å vera deltakar på møtet, og Ingrid og Ann Karin møter. Julebygda barnehage og Sandnes BK og Sand BK er gode døme på arbeid med dette.

Åse-Berit Fidjeland (skrivar)